

**Protokoll Styremøte i Valdresmusea AS****2022:2**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Fredag 27. mai 2022

Til stades frå styret: Jan Arild Berg, Jørand Ødegård Lunde, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Kristin Gulbrandsen, Arne Erik Fønhus. Til stades frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten, Tove Stubbene og Anne Marit Noraker.

**Sak 4/2022: Økonomirapport**

Den periodiserte rekneskapan viser per 30. april eit underskott på kr 251 519, om lag som 100 000 meir enn på same tid i 2021. Det er i hovudsak auka straumkostnadar som fører til dette. Leiargruppa jobbar med tiltak for å møte desse kostandane, mellom anna vakanse for handverkarstillinga ut 2022 og større inntektsføring av pågåande prosjekt. Det er per 30. april inntektsført 508 000 kr frå prosjekta «Eit skigardsdele» og «Handverksløftet», medan i underkant av 100 000 kr er innført frå eingongstilskottet frå KUD til rehabilitering av Frigstadplassen på Valdres Folkemuseum. Forslag til revidert budsjett ligg som kolonne til høgre i den vedlagte rekneskapsrapporten.

Dei offentlege tilskotta frå kommunane og staten er låge, men føreseielege. Ein reduksjon i tilskottet på 3 % frå fylkeskommunen får betydning for handlingsrommet, men signala om auka statlege rammer til kommune- og fylkessektoren må vonleg koma kulturlivet til gode.

Kompensasjonsmidlane frå KUD i samband med Covid bidreg til heilårsope museum – og ei fin auke sal av billetter og butikkvarer. Det er god bestilling av omvisingar til sommarsesongen, og administrasjonen tilrår at ein trass auka straumkostnadar held oppe innsatsen på dette området.

**Vedtak:**

*Styret tek økonomirapporten til orientering.*

**Sak 5/2022: Taksaka:**

Våren 2018 fekk styret for Valdresmusea AS ei orientering om moglege svakheiter ved Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum. Gjennom vinteren hadde ein registrert det som såg ut som lekkasje frå taket i festsalen. Synlege spor såg ein på golvet her inne, og på glasa i vindfanget mellom festsalen og kafeen. Same året hadde det danna seg store issvullar nedst på taket og på terrassegolvet utanfor bygget, dette som følgje av betydeleg avrenning frå taket. Slik hadde det vore eit par vintrar tidlegare òg, men utan at ein hadde registrert vatn inne i bygget.

Sidan 2019 har «taket i Velkomstbygget» vore ei tilbakevendande sak for administrasjonen og styra for dei to selskapa. I 2020 vart det bestilt ei utgreiing om helsetilstanden til huset, og forslag til tiltak for å rette opp eventuelle skadar.

I sak 3/2022 i styremøte i Valdresmusea bad styret om ei framstilling av dei forholda som har ført fram til dagens skadesituasjon. Under følgjer ei oppstilling av alle dei merknadane som har meldt seg sidan huset opna i 2010. Det blir særleg peikt på dei vala som vart gjort av byggekomiteen sommaren 2009 – og dei konsekvensane desse har fått for huset. Dette er val som er godt dokumentert og som uavhengig rådgjevar i Takst Innlandet legg særleg vekt på i si utgreiing frå 2020. Sist blir det lagt fram forslag til tiltak med mål om å rette opp att skadane – for slik å sikre ei lang levetid for huset.

Ein beklagar situasjonen som Valdres Folkemuseum og Valdresmusea no har kome opp i, men kan ikkje sjå at dagens styre eller administrasjon kunne handtert saka annleis. I staden har ein følgd plikta med å informere når dette etter kvart har vorte nødvendig. Premissa for dei forholda som her blir peikt på vart lagt for over 15 år sidan. Då sat korkje dagens administrasjon eller styre i posisjon til å påverke byggeprosjektet i ei anna lei. No grip vi fatt i utfordringane. Administrasjonen har trua på ein god prosess og dialog alle involverte partar.

Vedlegg i saka :

Vedlegg 1 – Utgreiing	Unntatt offentlegheit. Offl § 13 jfr Fvl §13.
Vedlegg 2 – Rapport frå Takst Innlandet, desember 2020	Unntatt offentlegheit. Offl § 13 jfr Fvl §13.
Vedlegg 3 – Tre protokollar frå byggeperioden i 2009	Unntatt offentlegheit. Offl § 13 jfr Fvl §13.

#### **Vedtak:**

*Styret for Valdresmusea tek utgreiinga til etterretning. Styret ber administrasjonen legge fram forslag til tiltak og framdrift basert på anbefalingane frå Takst Innlandet, samt avklare med arkitekt og fylkeskommune handlingsrommet for alternative takløyisingar. Styret ber òg administrasjonen sjå tiltaket i samanheng med behovet for straum- og energisparande tiltak.*

#### **Sak 6/2022: Innsparingstiltak som følgje av auka straumkostnadar**

I sak 3 i førre styremøte bad styret administrasjonen legge fram forslag til sparetiltak som følgje av auka straumkostnadar. Styret bad administrasjonen legge fram forslag til revidert budsjett. Forslag til revidert budsjett ligg som kolonne til høgre i den vedlagte rekneskapsrapporten.

Forventa meirkostnadar på straum er om lag kr 400 000. Som tiltak foreslår administrasjonen vakanse for handverkarstillinga ut 2022 og større inntektsføring av pågåande prosjekt. Vakanse for handverkarstilling utgjer åleine 300 000 kr.

#### **Vedtak:**

*Styret godkjenner forslag til revidert budsjett.*